



## Notat

Vår referanse  
19/10243 20/10551

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Cecilie Roppen

Dato  
06.07.2020

## Vurderingsgruppa si tilbakemelding til arkitektane etter midtvegsseminar

### Overordna til begge arkitektgruppene:

#### Parkeringsstrategi

Bør sjå på korleis utforme ein heilheitleg parkeringspolitikk for heile sentrumsområde som kommunen kan nytte i sitt vidare arbeid med områdeplan for sentrum.  
Korleis løyse parkeringsproblematikken på både kort og lang sikt?

#### Overordna fortettingsstrategi

Fokusere spesielt på handelssentrum og Bjørndalvegen.  
Balanse mellom bustad, handel og næring.  
Fornyng der det er behov og ivaretaking der vi kan.  
Bør vise utforming, skala, høgder og snitt.  
Korleis aktivisere 1. etasjane i dette område (handel, kontor, bustad etc.)?  
Korleis får vi samla flest mogleg funksjonar i dette området og korleis gjer vi det komfortabelt for dei besøkande?  
Kjøpesentermentalitet innanfor området med parkering i utkanten og takoverbygg gjennom området.

#### Møteplasser for alle

Både uteområde og funksjonar innandørs planleggast og utformast med tanke på å skape gode møteplassar for alle aldrar og brukargrupper.

#### Inkluderande arkitektur

Offentlege funksjonar, så vel som bygg og områder for næring og handel planleggast og utformast i tråd med prinsippa for inkluderande arkitektur (Sjå handbok i aldersvenleg stedsutvikling for nærare informasjon om begrepet inkluderande arkitektur).

#### Sentrumsbarnehage

Kva kan ein sentrumsbarnehage tilføre sentrum. Kva synergjar får vi og korleis kan vi bruke den?  
Sjå gjerne på sentrumsbarnehage lokalisert mellom sentrum og Ulshaugen.

#### Funksjonar og bygg Ulshaugen

Korleis skape gode møteplassar her?  
Korleis bruke helse- og omsorgsfunksjonar til å skape gode møteplasser for fleire enn berre primærbrukarane (ref. inkluderande arkitektur).  
Korleis skape gode koplingar og forbindelsar mellom Ulshaugen og viktige funksjoner i sentrum, mellom anna Ulstein Arena.  
Helse og omsorgsetaten melder tilbake om slike behov for framtida:

| <b>Funksjon/ tid</b>  | <b>Storleik</b>  | <b>Brukargruppe</b>  |
|---|--|--|
| 45 omsorgsbustader/2022   | 50-60 m <sup>2</sup> , nokre litt større til ektepar og funksjonshemma, smarthus   | Eldre<br>Funksjonshemma<br>psykiatri   |
| Kontor til heimetenesta/2022  | Fasilitetar til ca. 20 tilsette. Møterom, base til utetenesta, lydisolerte samtalerom, grupperom/klasserom til 20 personar | Heimesjukepleie<br>Teneste psykisk helse og rus  |
| Kontor til helsestasjon m.m. ev. Klevenbygget/2021  | Fasilitetar til 15-20 tilsette. Kontor, personalrom, klasserom til 15-20 personar Helsestasjon for barn og unge            | Helsesjukepleiarar,<br>barnevern, familievern  |
| Psykologsenter 2022   | Kontor til 3-4 stillingar, møterom, lydette samtalerom, personalrom  | Kommunepsykologar<br>Privatpraksis/<br>avtalespesialistar  |
| 20 Bustader til menneske som treng skjerming/2022-25  | 40-50 m <sup>2</sup> med personalbaser. Veksthusmodell, overbygging, smarthus, høg teknologi                               | Demente<br>Psykisk utviklingshemma<br>Psykiatri<br>Funksjonshemma<br>Yngre og eldre                                      |
| 45 omsorgsbustader/2025   | 50 m <sup>2</sup> – her må vi flytte ut bebuarar i Ulshaugområdet – desse bygga skal rivast og erstattast.                 | Eldre<br>Funksjonshemma<br>psykiatri   |
| 42 sjukeheimsplassar, 21 omsorgsbustader og 8 omsorgsbustader til yngre funksjonshemma/2030 | Sjukeheimen skal flyttast til sentrum om 10 år. Omsorgsbustadane må då erstattast i sentrum                                | Som i dag<br>Særleg for demente som treng skjerming. Korleis skal utagerande og ressurskrevjande brukarar bu i framtida? |

### **Strategi for sjøfronten**

Bør sjå meir på aktivitet og opplevingar langs sjøfronten.  
Kople sjøfronten mot sentrum og tilgjengeleggjere område.  
Tiltak på kort og lang sikt.

### **Dokumentasjonssenter/konferansesenter/hub**

Smarthub/klynge for innovasjonsbedrifter med fellesfunksjoner og møteplasser.  
Det vil vere naudsynt å utvide moglegheitene for å halde større konferansar i Ulsteinvik.  
Bygget bør ligge inne i handelskjerna i sentrum.  
Det er ønskjeleg å etablere eit dokumentasjonssenter som kan synleggjere den maritime historia til Ulsteinvik.

### **Sjøgata**

Må bli liggande som den gjer i dag.  
Fortette parkeringsarealet som ligg inntil Sjøgata.

### **Bustadar Helsekerdalen**

Ulstein kommune  
Postboks 143  
6067 Ulsteinvik

www.ulstein.kommune.no  
postmottak@ulstein.kommune.no

Sentralbord: 70 01 75 00  
Org. nr: 964 979 456  
Kontonr: 3997.04.00153

Jobbe vidare med moglegheita for fleigenerasjonsbustadar i Helsekerdalen.

### Bjørndals Minde

Må takast vare på og fyllast med nytt innhald som tiltrekk seg innbyggjarar, besøkande og kan nyttast som læringsarena for skular etc.

### Brannstasjon

Det ligg an til at ny brannstasjon vil bli lagt til Helsekerdalen på tomt markert med lilla:



### Kaleidoscope:

Jobbe vidare med Smarthub, Veksthus og Generasjonstun.

Jobbe vidare med pergola og smart grid. For eksempel i Bjørndalvegen.

Utvide i staden for å flytte småbåthamna, ettersom det er mangel på båtplassar i sentrum.

Parkeringsstrategien for sentrum må på plass før utleige av private parkeringsplassar vil bli særleg aktuelt.

### Nordic:

Jobbe vidare med aktivitet og læringsløyfe.

Jobbe vidare med startups Sjøtekcenter.

Ikkje jobbe vidare med algeproduksjonen. Vil ha fokus på det maritime, ikkje det marine

Ikkje flytte rutebilstasjon slik det vert meir transport gjennom sentrum og Sjøgata.

Samle sjøaktivitetane meir, med badeaktivitetar i lag og sjøsport i lag.

Vedlagt finn de referat frå fokusgruppene, innspel frå folkemøte, Facebook og e-post, samt utklipp frå planomtalen til kommuneplanens arealdel om bustadbehov.

Med helsing

Cecilie Roppen  
planleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Vedlegg  
Referat og innspel  
Referat fokusgrupper runde nr 2  
Attraktive Ulsteinvik - fokusgruppe ungdom  
Bjørndals minde - Kulturavd MogR Fylkeskommune  
Utklipp planomtale - utbygging bustadar